



Flora Industri- og Næringsforening

Årsmøte i Flora Industri- og Næringsforening 20. mars 2019
33 personar møtte.

PROTOKOLL

1. Opning ved leiar i FIN, Gustav Johan Nydal.

Sakliste og innkalling vart godkjent.

2. Val av møteleiar

Gustav Johan Nydal vart vald.

3. Val av sekretær

Anita Øygard vart vald.

4. Val av to representantar til å skrive under protokollen.

Kjetil Søvik og Odd Bovim vart valde.

5. Årsmelding for 2018

Framlegg til årsmelding var utsendt og vart gjennomgått. Årsmøtet godkjende årsmeldinga.

6. Driftstilskot 2019

Framlegget om vidareføring av dagens driftstilskot vart godkjent.

7. Styrehonorar 2019

Framlegget om vidareføring av dagens satsar for honorar vart godkjent.

8. Rekneskap for 2018 og budsjett 2019

Framlegg til rekneskap og budsjett var utsendt og vart gjennomgått. Årsmøtet godkjende rekneskapen. Etter forslag frå Bjørn Hollevik vedtok årsmøtet å auke opp budsjettposten «Andre utgifter» til kr. 100 000. Styret får fullmakt til å disponere desse midlane til gode formål som er tenlege for medlemmane i FIN.

9. Arbeidsprogram for 2019

Styret hadde i si innkalling oppfordra årsmøtet til å komme med innspel til arbeidsprogram. Det nye styret i FIN skal utforme arbeidsprogrammet og publisere det på nettsida.

Årsmøtet hadde følgjande innspel til arbeidsprogram:

- Samferdsle, her er det viktig å vere tydeleg overfor fylkeskommunen på kva forventingar ein har i forhold til pendlarruta / kystvegekspressen / hydrogenbåt.
- Viktig å vere frampå og bygge relasjonar i forhold til industriprosjekta på Guleslettene og ved Førdefjorden. FIN bør invitere Nordic Mining til møte.
- I Svelgen er det stor aktivitet som er viktig for næringslivet i Flora. Her kan FIN vere ein brubyggjar i forhold til Smelteverket og samtidig invitere med næringslivet i Vågsøy.
- Ein må bygge vidare på samarbeidet med Førde (FINS) og arrangementet «Samrøre

- i Sunnfjord», og jobbe for meir samarbeid med næringslivet i Vågsøy.
- Må jobbe vidare for å få fortgang i arbeidet med å løyse trafikkproblema i sentrum.
 - Arbeide for auka aktivitet innan havbruk i vårt område.
 - Samarbeide med høgskulen for å få søkarar til studium, og jobbe for å få til etter- og vidareutdanning for næringslivet.
 - Viktig å samarbeide og bygge nettverk med Maritim Forening SF og Aksello

10. Val av styre

Innstillinga frå valkomitéen vart framlagt av Bjørn Hollevik, og vedteken slik den låg føre.

Nytt styre FIN 2019:

Leiar	Gustav Johan Nydal (ikkje på val)
Nestleiar	Roald Førde (ny) vald for 2 år
Styremedlem	Thor Arne Ullaland (ikkje på val)
Styremedlem	Marianne Ullaland Knapstad (ikkje på val)
Styremedlem	Kristin Bergstøl Hansen (attval) vald for 2 år
Varamedlem	Janicke Svendal (attval) vald for 1 år
Varamedlem	Svein Nødseth (ny) vald for 1 år

11. Val av valkomité

Etter innstilling frå styret vart Siv Merete Stadheim (attval), Kjetil Søvik (attval) og Bjørn Hollevik (attval) valde for 1 år. Valkomitéen konstituerer seg sjølv.

#

Temamøte:

Ordførarkandidatane i Kinn kommune var inviterte til å presentere sitt syn på næringspolitikken i den nye kommunen. Styret i FIN hadde gitt dei 5 spørsmål/tema å snakke ut i frå; vekst, det grøne skifte, heile kommunen, «vi» haldning, utfordring. Ordstyrar i denne sekvensen var Svein Nødseth.

Av politikarar møtte Jan Henrik Nygård (for Jacob Nødseth) – Venstre, Odd Bovim – MDG, Morten Hagen – Høgre, Gustav Johan Nydal – KrF og Ola Teigen - Ap

Møtet vart avslutta med middag.

Anita Øygard

Kjetil Søvik

Odd Bovim